

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 20.02.2018
Vår ref.: 2014/18671-13
Saksbehandlar: oysmons
Dykkar ref.:

Oversending av sak til Riksantikvaren – Reguleringsplan Slettebakken hovedgård gnr 160 bnr 938 mfl – Bergen kommune – Arealplan-ID 1201_64660000 - motsegn

Vi viser til reguleringsplan for Slettebakken hovedgård gnr. 160 bnr. 938 mfl. – Bergen kommune, arealplan-ID 1201_64660000, og Askeladden-ID 87158.

Planforslaget har vore til offentlig ettersyn, med uttalefrist 27.02.2018. Hordaland fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren har varsla framlegg om motsegn i saka. Grunnlaget for motsegn knytt seg til at planforslaget er:

- I konflikt med overordna plan
- I konflikt med nasjonale kulturminneinteresser

Motsegnsmynde i høve nasjonale kulturminneinteresse er delegert Hordaland fylkeskommune ved Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Utvalet skal ha sitt neste møte 20.03.18. Vi har bede om utsett til saka vert handsama politisk. Bergen kommune har berre gjeve oss utvida frist på ei veke, til 06.03.18. Fylkesrådmannen sin sakutgreiing og innstilling til vedtak, vert først tilgjengeleg veka etterpå, den 13.03.18. Bergen kommune sin nye frist 06.03.18 vert dermed for kort. Hordaland fylkeskommune sender difor saka over til Riksantikvaren for vidare handsaming som kulturminnestyresmakt.

Fylkeskonservatoren si vurdering i saka følgjer vedlagt. Då dokumenta i saka er store, ber vi Riksantikvaren rette førespurnad om tilsending av saksdokumenta til Hordaland fylkeskommune v/dokumentsenteret når sakshandsamar er tildelt.

For Bergen kommune si handsaming av saka, sjå lenke:

<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/kunngjoringer/kunngjoring-151473>

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Øystein Monsen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
BERGEN KOMMUNE
FYLKESMANNEN I HORDALAND